

Uttale frå møte i OKI 27.05.2024 vedkomande prosjekt Tokke skule

OKI hadde ein diskusjon i samband med referat frå arbeidsgruppa datert 06.05.2024, samt informasjon i møte frå prosjektleiar John Kjell Lien.

OKI er oppteken av at nye Tokke skule skal blei eit godt og funksjonelt bygg som gjev trivsel og gode forhold for alle brukarar. I dette ligg også eit uteområde som er godt tilpassa dei ulike aldersgrupper.

For OKI er det svært viktig med ein god prosess gjennom planlegging og gjennomføring av prosjektet. Alle brukargrupper og andre involverte skal ha reell påverknad i prosessen, før avgjerd blir fatta.

I det ligg m.a.:

- Verneombud og tillitsvalte skal bli trekt aktivt med i prosjektarbeidet, og være involvert der det er naturleg i høve til deira rolle.
- Lærarar har god kunnskap om arbeids- og undervisningsmiljø som er viktig å legge vekt på.
- Elevar og deira organ skal bli teke med på råd der det er naturleg.
- Alle andre som har sin arbeidsplass, ute og inne, blir teke med på råd.
- Foreldre/føresette skal være aktivt med i prosjekt gjennom FAU/Samarbeidsutvalet.
- Kommunestyret er ansvarleg skuleeigar. Det må lagast gode rutiner som gjer at nødvendig milepælar og rapportering blir ivareteke på ein god måte, og vi skal ha respekt for dei ulike roller.
- Som ei av to referansegrupper vil OKI arbeide for ein god dialog og samarbeid med arbeidsgruppa, og forventar involvering der det er naturleg.
- Tidsplan og gjennomføring skal leggjast opp slik at alle desse punkt blir godt ivareteke.

Det er vanskeleg å velje kva alternativ vi meiner skal leggjast til grunn for vidare planlegging. Det er mange problemstillingar og ein del usikkerheit som gjer fleire i OKI usikre.

Ei avrøysting blant medlemmane visar 4 stk. for alt. 3 (ny skule) og 3 stk. for alternativ 2 (kombinasjon med Raudbygget og nytt).

Så tideleg i prosjektet er det vanskeleg å gå konkret inn i detaljar, men vi har nokre generelle synspunkt:

- Arealet til SFO må ta høgde for auka antal born på same måte som for skuleelevar
- Gode og funksjonelle møterom, spesialrom og lager.
- Kantine/fellesrom må med i vurderinga m.a. i samband med skulemat.
- Ved eventuell renovasjon av Raudbygget må ventilasjonsanlegget utbetrast/oppgraderast.
- Det må skapast gode forhold for elevar og lærarar under byggeperioden.
- Uteområdet for skulen skal være finansiert som ein del av prosjektet, og ikkje bli ein salderingspost.

Høydalsmo 28.05.2024

På vegen av OKI
Tor Arne Heggteit
Leiar